



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
Marianne Lunder Kjelby, 55 57 20 55

Vår dato
30.12.2014
Dykkar dato

Vår referanse
2014/11480 621
Dykkar referanse

Lindås kommune
Kvernhusmyrane 20
5914 Isdalstø

Fylkesmannen avsluttar tilsyn med barnevernstenesta

Fylkesmannen har avslutta tilsynet knytt til kommunen sin rapportering om at fleire barn venta på tiltak frå barnevernstenesta. Barna som var utan tiltak per 30.juni i år, har fått dei tiltaka barnevernstenesta vurderte som naudsynte.

Fylkesmannen viser til vårt brev av 29. september 2014 der vi på bakgrunn av kommunen si halvårsrapportering på barnevern starta tilsyn. Fagleiar gav tilbakemelding i brev den 29.september 2014.

Det gjekk fram av halvårsrapporten at Lindås kommune på rapporteringstidspunktet hadde 13 barn som venta på tiltak frå barnevernstenesta. Fylkesmannen bad kommunen gjere greie for årsaka til dette, kor mange av tiltaka som i ettertida var sett i verk, og når kommunen rekna med å ha resterande tiltak i gang.

I tilbakemeldinga går det fram at nesten alle tiltaka var i gang på rapporteringstidspunktet, og at det reelle talet barn som venta på tiltak var langt lågare. Barnevernstenesta opplyser i si tilbakemelding at sakene ikkje er feilregistrert, og vil ta saka opp med programleverandøren. Fylkesmannen forstår tilbakemeldinga slik at barnevernstenesta ikkje har rapportert reelle tal.

Det går også fram av tilbakemeldinga at tiltak no er sett i verk i sakene der barna reelt sett venta på tiltak ved utgangen av første halvår.

Fylkesmannen takkar for tilbakemeldinga. Vi reknar med at leiar sikrar at sakene vert registrert nøyaktig i fagsystemet og at kommunen rapporterer den reelle situasjonen i tenesta. Fylkesmannen føreset at kommunen sikrar at barnevernstenesta utfører sine oppgåver i samsvar med lovkravet og at leinga følgjer med på at dette vert gjort.

Fylkesmannen avsluttar med dette saka.

Med helsing

Øystein Breirem Jacobsen
seksjonsleiar

Marianne Kjelby
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi til:

Barneverntenesta Kvassnesvegen 52 5914 ISDALSTØ
i Lindås